

## Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga

### Møte 4 2024

Tidspunkt: 11. september 2024, kl. 09.00-11.00  
Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

#### Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 29.mai

Protokollen er sendt ut.

#### Orienteringssaker

**Sak 37/24** [Studiestart i lektorutdanninga](#)  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 38/24** [Opptakstal og rekruttering for 5LU og PPU](#)  
Notat frå lektorsenteret

#### Drøftingssaker

**Sak 39/24** [Politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga](#)  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 40/24** [Høyring om nasjonale retningslinjer for 5LU og PPU](#)  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 41/24** [Ekstern fagfellesamling 2024](#)  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 42/24** [Utvikling av kampuspraksisdager](#)  
Notat frå lektorsenteret

#### Orienteringssaker

**Sak 43/24** [Semesterplan for lektorutdanninga vår 2025](#)  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 44/24** [Jubileumskonferanse 14. november](#)  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 45/24** **Endring i forskrift om rammeplan**  
Munnleg orientering

**Sak 46/24** **Omlagging av vidareutdanning for lærarar – nytt system f.o.m. studieåret 2025-2026**  
Munnleg orientering

**Sak 47/24** [Ekspertgruppe med rapport om overordna styring av lærarutdanningane](#)  
Munnleg orientering

**Sak 48/24    Eventuelt**

**Sak 37/24      Studiestart i lektorutdanninga**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 11. september 2024**

ephorte: 24/30

---

Etter suksessen i fjor vurderte lektorsenteret det som hensiktsmessig å videreføre arrangementa «*Felles velkomst- og informasjonsmøte*» for alle nye lektorstudentar og «*Mentorbesøk til lektorsenteret*». Etter evalueringa frå i fjor vart det gjort enkelte justeringar i programmet for å få ein best mogleg flyt og samanheng i både innhald og rekkefølge. Arrangementa vart planlagt i samarbeid med lektorutdanningsfakulteta og inngjekk i programmet til lektorstudentane sine mentorgrupper.

### *Felles velkomst- og informasjonsmøte*

Felles velkomst- og informasjonsmøte vart gjennomført etter same mal og med same målsetting som i fjor. For det første er det ønskeleg å samle alle nye lektorstudentar for at dei skulle få sjå kor mange dei var og for å kunne legge grunnlag for ei felles profesjonsidentitet på eit tidleg tidspunkt. For det andre er det hensiktsmessig å gi informasjon som felles for alle lektorprogramma i fellesskap.

Prorektor, Pinar Heggernes, takka ja til å delta i år også og programmet på 45 min. såg slik ut:

- Velkommen v/prorektor, Pinar Heggernes
- Om lektorutdanning og lektoryrket v/leiar for lektorsenteret, Endre Brunstad
- Om å vere lektorstudent v/lektorstudent Emilie Kampen Kolberg
- Pedagogikk i lektorutdanninga v/førsteamanuensis Øyvind Wiik Halvorsen
- Praksis i lektorutdanninga v/praksiskoordinator Hege Ekeland

Det var om lag 120 studentar som møtte og tilbakemeldingar frå studentar, mentorar og administrative har vore gode.

### *Mentorbesøk til lektorsenteret*

Mentorgruppa for realfag kom i etterkant av velkomstmøte på måndagen, medan SV og HF sine mentorgrupper kom til lektorsenteret dagen etter. Til saman var det seks mentorgrupper som fekk nærare informasjon om lektorsenteret si rolle i utdanninga og om FIL sitt arbeid. Til slutt fekk dei i oppgåve å skrive ned 3 punkt om kva dei såg fram til som lektorstudent, og alle lappane vart hengt opp. Svare krinsa i stor grad om dei same momenta som vart nemnde på arrangementa åra før. Det handla om det sosiale (bli kjende med nye medstudentar) og praksis, i tillegg til fagleg kunnskap og generell livsmeistring.

PPU-studentane har ikkje tilbod om mentorgrupper, men vart invitert til å komme til lektorsenteret på onsdagen. Det var frivillig å møte og 7 av ca. 40 møtte.

### *Programmøter*

Ute på fakulteta blei det organisert for programmmøter. For å få ein best mogleg flyt og samanheng i studiestartprogrammet til lektorstudentane vart alle programmmøta gjennomført på onsdagen, altså etter velkomstmøte og mentorbesøka til lektorsenteret.

Alle program møta har fungert fint og studentane har vert nøgde med mottaket. Det kan nemnast at lektor-SV kombinerte program møte med fagdag, kor fagansvarleg fortalte om forskingsprosjekt i skulen.

Ved PPU-studiet vart det bl.a. lagt til rette for ein-til-ein treffpunkt mellom PPU-studentar og programansvarleg ved at programansvarleg satt tilgjengeleg i kantina.

#### *Studi start 2025*

Lektorsenteret vil halde fram med å samarbeide med lektorutdanningsfakulteta om studiestartplanegging og vidareføre arrangementa «*Felles velkomst- og informasjonsmøte*» og «*Mentorbesøk til lektorsenteret*» til neste år.

**Sak 38/24      Opptakstal og rekruttering for 5LU og PPU**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 11. september 2024**

ephorte: 24/30

### Opptakstal

Tala viser at tal på kvalifiserte søkarar og studentar som har møtt til både femårig lektorutdanning (5LU) og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), samla sett, har gått ned frå i fjor.

#### 5LU

- For lektorprogrammet i framandspråk har engelsk rimeleg gode søknads- og opptakstal i tillegg til at både fransk og spansk har hatt ein liten auke i søknads- og opptakstal frå i fjor. Samla sett fyller programmet i framandspråk studieplassane sine.
- For lektorprogrammet ved AHKR har det vore ein auke i søknads- og opptakstal til religionsvitenskap og tilbakegang for historie. Historie er likevel faget med flest registrerte studentar av alle faga på 5LU og har 16 fleire registrerte studentar enn studieplassar.
- Lektorprogrammet i nordisk har berre 12 nye studentar i 2024 og fyller såleis under halvparten av studieplassane sine.
- Lektorprogrammet ved MN har rekrutteringsutfordringar med 14 færre registrerte studentar enn i fjor. Dei fyller vel halvparten av studieplassane til programmet.
- Lektorprogrammet i sosiologi har sidan oppstart hatt gode søknads- og opptakstal og har 6 fleire registrerte studentar enn studieplassar.

**Tabellen under** viser informasjon om tal på studieplassar, søkarar og møtte studentar på alle 5LU-programma og PPU ved UiB dei siste fire åra. Tabellen viser ikkje informasjon om ev. ventelister.

Studie-program	Studieplassar				Kval. førsteprisøkarar				Tilbod				Møtt			
	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024
LUHF	134	134	118	118	140	186	130	118	227	243	192	200	126	139	111	108
LUHF, engelsk	24	24	24	24	39	61	36	25	59	75	55	52	31	48	32	30
LUHF, fransk	4	4	4	4	1	1	1	3	2	2	1	5	1	1	1	3
LUHF, spansk	10	10	7	7	9	7	3	6	14	11	8	7	10	7	3	5
LUHF, tysk	4	4	4	4	3	1	2	2	5	5	2	2	5	1	2	2
LUHF, historie	28	28	28	28	49	85	68	56	55	76	91	101	29	38	50	44
LUHF, rel.vit	25	25	22	22	10	12	6	12	42	46	16	16	19	22	10	12
LUHF, nordisk	39	39	29	29	29	19	14	14	50	28	19	17	31	22	13	12
LUMN	40	40	40	40	40	44	34	30	51	63	52	37	31	35	38	22
LUSV	17	17	17	17	98	74	41	51	61	40	47	38	37	25	22	23
5LU total	191	191	175	175	278	304	205	199	339	346	291	275	194	199	171	153
PPU total	189	143	112	91	218	174	111	110	320	252	179	156	114	81	61	60*

Tala i kolonnane for tilbod og møtt synleggjer ein praksis med, til dels kraftig, overbooking til enkeltfag.

## PPU

- Ved PPU har mange av didaktikkfaga som hadde nedgang i fjor fått ein auke i tal på registrerte studentar i år; filosofi, fransk, fysikk, historie, matematikk, norsk som andrespråk, religionsvitenskap, samfunnskunnskap og tysk. Størst er auken for samfunnskunnskap med 5 fleire studentar enn i fjor.
- Didaktikkfaga biologi, engelsk, norsk, psykologi og spansk har nedgang i registrerte studentar frå i fjor. Nedgangen er størst for engelsk med totalt 4 registrerte studentar, 6 færre enn i fjor.
- Samfunnskunnskap og historie er didaktikkfaga med flest studentar med høvesvis 13 og 12 registrerte studentar.
- Ingen møtte i faga biologi og spansk.
- Geofag hadde sitt siste opptak i 2022 medan didaktikktilbodet i geografi, IT-fag og medievitenskap vart lagt ned i 2021.

**Tabellen under** viser informasjon om tal på søkarar og registrerte studentar på PPU, fordelt på fag, dei siste fire åra.

PPU - opptaksprogram	Kvalifiserte førstegongssøkjjarar				Tilbod				Møtt			
	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024	2021	2022	2023	2024
Biologi (tofagsmod.)	8	4	6	3	10	6	8	3	3	1	5	0
Engelsk	12	17	12	13	17	24	22	12	4	12	10	4
Filosofi (tofagsmod.)	5	6	4	4	9	9	6	4	4	4	3	4
Fransk	2	2	2	2	3	4	2	2	1	1	0	1
Fysikk (tofagsmod.)	7	5	1	5	9	9	3	5	5	1	0	2
Geofag (kun tofagsmod.)	5	0			10	1			3	0		
Geografi (tofagsmod.)	1				3				1			
Historie	30	33	23	29	42	43	30	29	16	18	11	12
IT-fag (tofagsmod.)	0				0				0			
Kjemi (tofagsmod.)	12	3	3	5	15	5	6	5	7	1	3	3
Matematikk (tofagsmod.)	18	11	2	6	29	16	4	6	11	4	1	3
Medievit. (tofagsmod.)	0				4				1			
Naturfagkomb. (tofagsmod.)	0	0	2	6	15	6	9	5	7	2	5	2
Norsk	13	14	9	7	15	16	12	6	6	5	5	5
Norsk som andrespråk	2	3	1	2	2	5	1	2	2	1	0	2
Psykologi	35	23	16	18	39	29	23	10	10	7	6	3
Rel.vit. (tofagsmod.)	2	2	1	11	12	17	8	8	8	9	3	4
Samfunnskunnskap	53	39	24	44	69	50	38	16	16	11	8	13
Spansk	8	6	3	3	11	8	4	2	6	3	1	0
Tysk	5	3	2	3	6	4	3	3	3	1	0	2
<b>Total</b>	<b>218</b>	<b>171</b>	<b>111</b>	<b>110</b>	<b>320</b>	<b>252</b>	<b>179</b>	<b>156</b>	<b>114</b>	<b>81</b>	<b>61</b>	<b>60*</b>

\* PPU-tala inkluderer alle fag/søknadsalternativ dei har takka ja til = både eitt og to fag. Det reelle talet på registrerte studentar er 40.



## Rekruttering

### Studentambassadør

Lektorsenteret har fått etablert studentambassadør i 12 % stilling som ei fast ordning ved lektorsenteret. Studentambassadøren inngår i Kommunikasjonsavdelinga (KA) sitt team av studentambassadører og får opplæring og oppfølging av KA. Emilie Kampen Kolberg har jobba som studentambassadør sidan stillinga blei oppretta i juni 2023. Ho vart ferdig utdanna lektor i juni 2024 og Karen Bauge overtek stillinga i månadsskifte august - september 2024. Karen går 5. året på lektorprogrammet i nordisk, med sosiologi som fag 2.

### Samarbeid med fakulteta

I tillegg til samarbeidet med KA vert rekrutteringsarbeidet i lektorutdanninga gjennomført i dialog og samarbeid med fakulteta og deler av rekrutteringsmidlane vil kunne disponere til tiltak som vert gjennomført i samarbeid mellom lektorsenteret og fakulteta. For 2024 har lektorsenteret eit rekrutteringsbudsjett på kr 200 000.

### Hovudkampanje 2024

#### 5LU

I samarbeid med kommunikasjonsmedarbeidarar frå fakulteta og KA var det semje om å bruke studentambassadøren sin kunnskap og kompetanse inn i rekrutteringstiltaka for 2024, framfor eit rekrutteringsbyrå.

Dette resulterte i totalt 12 kampanjar som vart fordelt på Instagram, Snapchat og TikTok, og 4 ulike annonser/videoar i perioden februar – midten av april. Annonsane fekk totalt:

- 618 608 visingar
- 2944 klikk på uib.no si landingsside for lektorutdanning
- 142 642 gongar såg nokon minst 2 sekund av videoane

Dette ga ein stoppeffekt på heile kampanjen på 23%, som KA melder er svært bra.

Tema/innhald i kampanjane har bl.a. vore fordelar med lektorstudiet ved UiB, «Hvorfor lektor» og praksis.

#### PPU

I år hadde PPU informasjonsmøte som også inkluderte bachelor-studentar. Oppmøte var på ca. 30 studentar, mot ca. 10 året før. Tanken bak å invitere bachelorstudentar er å informere tidleg om moglegheitene som finst etter ein ev. master.

I samarbeid med KA vart det også arrangert «take over» på sosiale media, kor ein fekk fylgje ein PPU-student gjennom ein studiedag med praksis.

### Framover mot neste rekrutteringsperiode

Som tala ovanfor viser, er det ulike rekrutteringsutfordringar for ulike program og fag i lektorutdanninga. Det er primært lektorprogram med fordjuping i nordisk, matematikk/naturfag og "mindre" framandspråk som har rekrutteringsproblem, medan fag som historie og samfunnsfag ikkje har rekrutteringsutfordringar. Det kan såleis vere aktuelt å ha eit særleg fokus på nokre fag eller program i rekrutteringsarbeidet. Samtidig har det vore ei vurdering at det å gå ut breitt, er ein generell fordel.

Lektorsenteret vil halde fram med samarbeidet med KA og fakulteta, og vil kalle inn til eit møte i sept./okt. for å drøfte tiltak og strategiar for neste søknadsperiode.

**Sak 39/24**      **Politikk og forvaltning som fag 2 i  
den femårige lektorutdanninga**

Notat frå lektorsenteret

*Drøftingssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 11. september 2024**

ephorte: 24/30

---

### Bakgrunn

I [møte 21.03.24, sak 20/24](#) blei felles programstyre orientert at Det samfunnsvitskaplege fakultet (SV) har bede Det humanistiske fakultet (HF) om å vurdere om *politikk og forvaltning* kan inngå som fag 2 for studentar ved lektorprogramma ved HF. SV ynskjer at dette skal vere eit val for kull 2024, som skal starte med fag 2 hausten 2025, og har bede HF om ei vurdering av eit slikt tilbod ([vedlegg 1](#)). Her vert og oppbygginga av studiet nærare skildra.

I brev til lektorsenteret, datert 22.08.24, ber SV om at felles programstyre for lektorutdanninga handsamar sak om GOV som fag 2 i den femårige lektorutdanninga ([vedlegg 2](#)). I den samanhengen blir lektorsenteret bede om å greie ut kva eit eventuelt tilbod i GOV som fag 2 vil ha å seie for praksisutplassering av studentane.

Innføring av eit nytt fag 2 i lektorutdanninga har også moglege implikasjonar for intern dimensjonering av studieplassar og av fagleg profil på lektorutdanninga, og vil kunne ha internøkonomiske implikasjonar. Det gjer at det er fleire omsyn som må sjåast i høve til kvarandre når ein skal vurdere spørsmålet.

### Oppsummering frå SV

SV ønskjer GOV som fag 2 for å gi bidrag til eit breiare fagmiljø i lektorutdanninga i samfunnsfag, og for å støtte opp under læreplanen si vektlegging av demokrati og medborgarskap.

Tilbodet om GOV som fag 2 vil ta utgangspunkt i tilbodet som allereie eksisterer gjennom bachelorprogrammet i politikk og forvaltning (BASV-GOV), og studentane vil ta emnet i samfunnskunnskapsdidaktikk som instituttet alt har oppretta for studentane som tek sosiologi som fag 2.

SV ser føre seg at mange av studentane som vel GOV som fag 2 i lektorutdanningen, vil komme frå den same massen av studentar som i dag vurderer sosiologi som fag 2, og såleis dempe noko av presset på sosiologi. SV meiner at det ikkje er sannsynleg at det nye tilbodet vil ha stor innverknad på rekruttering til språkfaga, nordisk eller religionsvitskap, som fag 2.

SV skriv at GOV, som fag 2, vil dekkje følgjande fellesfag i ungdomskulen og i vidaregåande skule:

- 249 t. samfunnskunnskap i ungdomskulen 8.-10.trinn
- 84 t. samfunnskunnskap i VG1

I tillegg vil GOV dekkje følgjande programfag i VGS:

- Programfaget politikk og menneskerettar i VG 2 og VG3, 140 timar per år (280 timar for to år)
- Andre samfunnsfag som er programfag i vgs.

## Tilbakemelding frå HF

Med bakgrunn i SV si framstilling har alle HF sine lektorprogram uttrykt at dei er positive til GOV som fag 2, med følgande kommentarar ([vedlegg 3](#)):

- HF føreset at GOV blir tilpassa fagdidaktikkundervisninga i fag 1 i tredje semester.
- HF støttar full valfridom når det gjeld fagkombinasjonar, men ser at det kan bli vanskeleg for studentane å velje når valmoglegheitene aukar. Det blir difor viktig med tett samarbeid mellom programma for å sikre ei god rettleiing av studentane basert på oppdatert kunnskap om skulefaga.
- Eit nytt fag 2 vil føre til endringar i studieplanane, som fakulteta må samarbeide om administrativt.

## Implikasjonar for praksisgjennomføring

Lektorsenteret har fått i oppgåve å greie ut om moglege konsekvensar innføring av GOV vil kunne ha for praksisgjennomføringa i lektorutdanninga. For å gjere det, er det nødvendig å sjå samanhengar mellom ulike variablar.

### Samfunnsfaglege fag i skulen

Lat oss først sjå på omfanget av samfunnsfag i skulen.

#### *Ungdomsskulen*

I ungdomsskulen er *samfunnsfag* eitt fag som inneheld geografi, historie og samfunnsfag. Dette inneber at alle lektorstudentar med historie, sosiologi eller potensielt GOV som fag 1 eller fag 2 skal ha praksis i eitt og same fag, *samfunnsfag*.

Samfunnsfag er eit fellesfag og i løpet av tre år på ungdomstrinnet, med til saman 256 timer. Fordeling av timetal per veka varierer frå skule til skule og frå trinn til trinn. Det er vanlig med 2 timar samfunnsfag i veka. Samanlikna med andre fag i ungdomsskulen, er samfunnsfag eit middels omfangsrikt fag (jf. timefordelinga for t.d. norsk 398, matematikk 313, naturfag 249, engelsk 222, framandspråk 222, KRLE 153).

#### *Vidaregåande skule*

På vidaregåande skule er samfunnsfag og historie ulike skulefag.

Det er på Vg1 (studiespesialisierende) at samfunnskunnskap er fellesfag med 3 timer i veka.

På vg2 og vg3 blir samfunnsfag tilbydd som programfag med fem timar i veka, og elevane kan velje mellom sosiologi og sosialantropologi, sosialkunnskap og politikk og menneskerettar (POM). Enkelte skular tilbyr også samfunnsgeografi som programfag. Det er ein viss variasjon i kva for programfag som blir tilbydde kvart år.

Ein må ta atterhald om at det kan skje endringar i fagporteføljen i vidaregåande skole som oppfølging av "fullføringsreforma".

## Fordeling av lektorstudentar på samfunnsfag (sosiologi) og historie kull 2021-2024

Ein viktig variabel for å vurdere praksisgjennomføringa, er kor mange i lektorutdanninga som i dag har samfunnsfag i sin fagkrins. Sidan historie og samfunnsfag blir rekna som same faget i ungdomsskulen, må vi sjå desse faga i samanheng når vi skal ta føre oss praksis. Tabellen under viser tal på aktive studentar på kull 21-24, som har sosiologi og/eller historie som fag 1 og fag 2, per 2. september 2024.

Kull	Tal på studentar (minus realfag)	His/sos fag 1	%	His/sos fag 1 og 2	%
Kull 24	130	68	52 %	*	
Kull 23	120	56	46 %	*	
Kull 22	115	43	37 %	95	82 %
Kull 21	102	45	44 %	85	83 %

\* Studentane på kull 23 og kull 24 har ikkje valt fag 2 enno og me veit ikkje kor mange som vil velje historie eller sosiologi som fag 2.

Tala er henta i frå praksislistene og er ikkje 100 % nøyaktige. Tala gir likevel ein god peikepinn på behovet for praksisplassar. Det som er slåande, er at det er heile 82–83% av alle lektorstudentar som ikkje er MN-studentar, som har historie eller samfunnsfag i sin fagkrins. Dette er svært høge tal.

## Undervisningsfaga for samfunnsfag og historie i dei ulike praksisperiodane

Tabellen under viser oversikt over type praksis, samfunnsfaglege fellesfag og programfag i dei ulike praksisperiodane og skuleslaga:

Praksisperiode	Lengde	Praksistype	Fellesfag	Programfag
Kortpraksis ungdomsskolen (Første semester)	10 dg	Gruppepraksis; tre til fem studenter følger én lærer	Samfunnsfag	
Kortpraksis videregående skole (Tredje semester)	10 dg	Gruppepraksis; tre til fem studenter følger én lærer	Samfunnskunnskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>• POM</li> <li>• Sosiologi og sosialantropologi</li> <li>• Sosialkunnskap</li> <li>• Samfunnsgeografi</li> </ul>
Langpraksis ungdomsskolen (Femte semester)	35 dg	Individuell/parpraksis	Samfunnsfag	
Langpraksis videregående skole (Åttende semester)	35 dg	Individuell/parpraksis	Samfunnskunnskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>• POM</li> <li>• Sosiologi og sosialantropologi</li> <li>• Sosialkunnskap</li> <li>• Samfunnsgeografi</li> </ul>

## Samfunnsfaglege fag i praksisutplassering

Studentane på lektorutdanninga har praksis i både ungdomsskulen og i vidaregåande skule. I ny studiemodell har alle studentane ein kortpraksisperiode og ein langpraksisperiode i kvart av skuleslaga (ungdomsskule og vidaregåande skule).

### *Første kortpraksis - ungdomsskule (første semester)*

I første kortpraksisperiode er studentane i grupper på 3-5 studentar og følger rettleiaren i alle fag rettleiaren har på timeplanen sin. Sidan det er gruppepraksis, klarar dei fleste skulane å ta imot studentane UiB ynskjer å plassere ved den enkelte skulen, uavhengig av fag.

Vurdering: Ei eventuell innføring av GOV vil ikkje få konsekvensar.

### *Andre kortpraksis - vidaregåande skule (tredje semester)*

Andre kortpraksis er knytt til studenten sitt fag1 og studentane skal ha et minimum timetal i sitt fag 1 i laupet av praksisperioden. Studentane skal fylgje ein rettleiar som har studenten sitt fag1 på timeplanen sin. Studentar med sosiologi som fag1 kan fylgje ein lærer som har anten samfunnskunnskap, sosialkunnskap eller sosiologi og sosialantropologi på timeplanen. Sidan studentane møter i grupper, går det rimeleg greitt å skaffe praksisplassar, sjølv om volumet på samfunnsstudentar har skaffa ein del meirarbeid i praksiskoordineringa.

Vurdering: Ei eventuell innføring av GOV vil vere handterbart.

### *Første langpraksis - ungdomsskule (femte semester)*

I langpraksis skal studentane ha praksis i både fag1 og fag2. For å få best mogleg utbytte av praksisperioden ynskjer UiB at studentane har individuell praksis i det eine praksisfaget, og at dei kan samarbeide i par i det andre praksisfaget.

Sidan denne praksisperioden er i ungdomsskulen vil alle lektorstudentar med sosiologi og/eller historie som fag1 og/eller fag2 ha praksis i eitt og same skulefag, nemleg samfunnsfag. Tabellen over viser at over 80 % av lektorstudentane ved HF og SV skal ha praksis i samfunnsfag, og det gjer at behovet for praksisplassar i samfunnsfag er svært stort. Prognosane med tanke på framtidige kull tilseier at utfordringane med praksisplassar vil bli større enn dei er i dag.

Sjølv om samfunnsfag er eit fellesfag, er timetalet ikkje høgt, og mengda av studentar i same skulefag gjer det vanskeleg å skaffe praksisplassar i samfunnsfag, særleg på ungdomsskulen. Det er spesielt vanskeleg å skaffe praksisplassar til studentar som har historie kombinert med sosiologi (eller omvendt). Desse studentane må vere inne i mange klasser for å oppnå kravet til praksistimer UiB har for langpraksis. Studentar med såkalla «dobbel samfunnsfag» (dvs. historie og sosiologi) må ha praksis i 3 til 4 klasser, noko som er utfordrande for både skulen – og ikkje minst for studentane. Dei får mange elever å forholde seg til, og det gjer det vanskeleg for studentane å bygge relasjonar til elevane. Vi har vidare utfordringar med å legge til rette for individuell praksis i samfunnsfag, med dei konsekvensane det har for kvalitet i praksis. I denne samanhengen må det òg nemnast at praksiskontoret får tilbakemeldingar frå skular og skuleeigarar om at ein ynskjer færre studentar med samfunnsfag for å få kabalen til å gå opp for personalet, dvs. at det er misnøye i praksisfeltet med fordelinga.

Vurdering: Omfanget av studentar som skal ha samfunnsfag i praksis, er dag så stort at det er svært krevjande å finne praksisplassar. Det er vidare utfordrande å følgje opp kvaliteten i praksis og å leggje til rette for individuell praksis. Innføring av GOV vil kunne bidra til å gjere situasjonen endå meir krevjande, dvs. kritisk.

#### *Andre langpraksis – vidaregåande skule (åttande semester)*

Sidan denne praksisperioden er i vidaregåande skule, vil lektorstudentane med sosiologi og/eller historie som fag1 og/eller fag2 ha praksis i ulike fag, i høvesvis samfunnskunnskap eller eit samfunnsfagleg programfag, og i historie. I vidaregåande skule er utfordringane mindre enn i ungdomsskulen, sidan studentar med sosiologi eller potensielt GOV som fag, kan ha praksis i ulike programfag. Det må likevel poengterast at det kan vere utfordrande å skaffe praksisplassar i programfag, fordi tilbodet vekslar frå år til år, i takt med popularitetstrendar. For tida er demokrati og menneskerettar eit populært fag, og GOV vil vere svært relevant for faget. På generelt grunnlag er det likevel vanskeleg å planlegge praksisplassar med utgangspunkt i programfag. Vi har dessutan i større grad enn kva tilfellet er med andre fag opplevd problem med å skaffe rettleiarar som ønskjer å rettleie i samfunnsfag eller som har rette kvalifikasjonar til å gjere det. Volum på studentar spelar truleg ei rolle her.

Vurdering: Det er ikkje grunn til å tru at ei eventuell innføring av GOV vil gjere det vesentleg vanskelegare å skaffe praksisplassar, men volum på samfunnsfagsstudentar er generelt ei utfordring.

#### Samla vurdering av praksissituasjonen

Vurderinga vi kjem til når vi ser på kapasiteten i praksisplassane knytt til skulefaga som dekker historie, sosiologi og GOV til saman, er at vi vil få problem med skaffe nok kvalitativt gode praksisplassar i samfunnsfag dersom fordelinga av studentane held fram slik som for kulla 2021 og kull 2022. Innføring av GOV treng i og for seg ikkje å ha avgjerande verknad, men vil ikkje bidra til å løyse ein situasjon som i dag nærmar seg kritisk. Det er den generelle tendensen knytt til praksis i samfunnsfag som gjer at det uansett vil vere behov for nokre regulerande mekanismar (jf. nedanfor). Dette behovet kan seiast å måtte kome uavhengig av spørsmålet om GOV, men GOV aktualiserer behovet.

#### Dimensjonering og profil på lektorutdanninga

Ei innlemming av GOV som fag 2 i lektorutdanninga reiser spørsmål om den faglege innretninga til lektorutdanninga: Skal UiB ha ulike studieretningar i lektorutdanninga som fører fram til dei same undervisningsfaga i både ungdomsskule og vidaregåande skule? Det vil vere ein ny politikk for UiB, som det ikkje har vore diskutert premissane for. Samtidig har ein erfaringar med å gjere noko tilsvarande ved NTNU, men då med ei anna innretning, nemleg innanfor rammene av eit «felles» samfunnsfag, noko som også kan vere relevant å vurdere for UiB (sjå nedanfor).

Eit anna spørsmål handlar om den generelle profilen til lektorutdanninga ved UiB: Innlemming av GOV vil innebere ei styrking av samfunnsfaga sin profil i lektorutdanninga. Generelt har innlemming av samfunnsfag i lektorutdanninga bidrege til at lektorutdanninga har fått ein breiare profil, og at rekrutteringa til lektorutdanninga har auka. Faget GOV vil utan tvil kunne bidra til verdifull innsikt og kompetanse for dei som vel faget, og det har eit sterkt og dynamisk fagmiljø bak seg. At fagmiljøet har teke initiativ til GOV i lektorutdanninga, er i seg sjølv eit teikn på det. Samtidig vil ei ytterlegare



styrking av posisjonen til samfunnsfag ha noko å seie for heilskapen i lektorutdanninga. At heile 82–83% av lektorstudentane som ikkje har MN-fag, har samfunnsfag/historie i fagkombinasjonen, gjer at lektorutdanninga ved UiB har fått ei spesiell fagleg fagside. Implikasjonane av denne slagsida har ikkje vore drøfta prinsipielt, praktisk, økonomisk og med tanke på arbeidslivsrelevans, og ei innføring av GOV aktualiserer behovet for å gjere det.

Det er grunn til å tru at innføring av GOV som fag II vil ha konsekvensar for fordeling av studentar mellom fag i lektorutdanninga. Rett nok legg SV til grunn at vi med innføring av GOV ikkje vil få ei auke i talet på studentar som vel eit samfunnsfagleg fag 2. Vi har likevel ikkje kvalifisert grunnlag for å tru at det vil stemme. Ut frå dei eksisterande trendane er det heller rimeleg å tru at talet på studentar som vel samfunnsfag som fag 2, vil auke, når ein får fleire samfunnsfag å velje mellom, og når ein ikkje har restriksjonar i fagval.

I denne saka har HF peikt på behov for studierettleiing. Det må her kommenterast at vi gjennom fleire år har hatt studierettleiing basert på oppdatert kunnskap om skulefaga, utan at det ser ut til å vri studentane sine fagval i lektorutdanninga i ei spesiell anna lei enn det som er dei generelle trendane. Eit alternativ kan vere at studierettleiarar skal gi meir tydelege råd, bl.a. å frårå studentar visse fagkombinasjonar. Dersom UiB samtidig ønskjer fri kombinasjon av fag, blir likevel dette svært vanskeleg å gjennomføre i praksis, og det opnar for ei rad dilemma.

Når ein skal vurdere innføring av GOV, må ein også vurdere spørsmålet om arbeidslivsrelevans og behov i samfunn og skule. I følgje rammeplan for lektorutdanning 8-13 skal utdanninga «imøtekomme samfunnets og skolens behov», og grunnlaget for at UiB har oppretta lektorutdanningsprogram, er at dei nettopp har arbeidslivsrelevans ved å utdanne lektorar til skulen. Vi vurderer det slik at det ut frå behov i skulen, ikkje minst ut frå tilbakemeldingar frå skuleeigarar, ikkje er grunnlag for å tilrå endå eit nytt samfunnsfag i skulen, i tillegg til det eksisterande samfunnsfaget.

#### Moglege løysingar dersom GOV kjem inn som fag 2

Ein kan ut frå utgreiingar og vurderingar ovanfor tenkje seg følgjande løysingar knytte til GOV som fag 2 i lektorutdanninga:

- GOV blir innført som fag 2, men med restriksjonar på kombinasjonen med historie (tilsvarande restriksjonar vil vere føremålstenlege for sosiologi)
- GOV blir innført som fag 2, men det blir innført kapasitetstak for talet på studentar som kan velje GOV eller sosiologi som fag 2. I den samanhengen bør ein også vurdere kapasitetstak på historie som fag 2.

Begge desse løysingane bør kombinerast ut frå dei omsyna som det er gjort greie for ovanfor.

#### *GOV som studieretning*

Ei anna alternativ løysing vil vere å behandle GOV som studieretning innanfor rammene av eit samfunnsfag, slik ein gjer det i lektorutdanninga ved NTNU (jf. ovanfor). Ved NTNU vel lektorstudentane i samfunnsfagsprogrammet obligatoriske og valfrie emne i *studieretningane*

sosiologi og statsvitskap fram til masternivå, og fordjupar seg deretter i ei av dei studieretningane på masternivå. Ut frå skulens behov vil ei slik løysing vere svært velkomen. Den vil kunne bidra til å styrkje lektorutdanninga ved UiB utan å få moglege implikasjonar på studieporteføljene. Dersom GOV uansett før eller seinare vil inn som fag 1, vil ei slik løysing kunne vere aktuell, dersom fagmiljøet ønskjer det, og dersom ein forstår GOV og sosiologi som studieretningar knytt til det same faget.

## Vidare saksgang

Ei eventuell innlemming av eit nytt fag i lektorutdanninga representerer uansett ei sak av prinsipiell relevans for lektorutdanninga som heilskap. Det vil òg kunne involvere økonomiske spørsmål i form av moglege endringar i dimensjonering og fordeling av studieplassar. Slike spørsmål må etter styringsstrukturen opp i styringsgruppa, etter at programstyret har gitt innstilling.

Felles programstyre blir i denne omgangen bede om å drøfte spørsmålet om politikk og forvaltning som fag 2 i den femårige lektorutdanninga, med bakgrunn i utgreiingane og talgrunnlaget ovanfor, og med utgangspunkt i dei ulike løysingane som er skisserte i saksdokumentet.

Det vil vere behov for ei vidare utgreiing av spørsmålet om kapasitets-tak på nokre fag 2, og av spørsmålet om restriksjonar på visse fagkombinasjonar. Ei sak vil kunne bli lagt fram for styringsgruppa i det andre møtet den har hausten 2024, dvs. i desembermøtet.

Denne saksgangen vil ikkje få konsekvensar for framdrifta slik den er skissert av GOV: Studentar som vart tatt opp hausten 2024 vil framleis kunne velje GOV som fag 2 frå hausten 2025, sjølv om saka ikkje skulle bli avgjort før møtet i desember.

Lektorsenteret  
Det humanistiske fakultet

Referanse  
2024/83-LISKR

Dato  
02.01.2024

## **Politikk og forvaltning som fag 2 i lektorutdanningene ved Det humanistiske fakultet**

Det samfunnsvitenskapelige fakultet ønsker fra høsten 2024 å tilby politikk og forvaltning som fag to i lektorutdanningene ved Det humanistiske fakultet. Studentene som ønsker et samfunnsfag som undervisningsfag i HF sine lektorprogram, kan da velge enten et løp med sosiologi eller med politikk og forvaltning som fag to. Utdanningen i politikk og forvaltning dekker sentrale tema i skolens læreplaner for samfunnsfag/samfunnskunnskap/politikk og menneskerettigheter.

Oppbyggingen av emnetilbudet er nærmere beskrevet under. Vi har også lagt ved emneplaner for emnene som skal inngå i emnetilbudet.

Vi ber om at Det humanistiske fakultet vurderer om politikk og forvaltning kan inngå i lektorprogrammene deres som fag to og gir en tilbakemelding på hvordan vi i så fall kan følge dette opp praktisk og administrativt.

### **Nærmere om forslag til tilbud om fag 2**

Tilbudet om politikk og forvaltning som fag 2 tar utgangspunkt i tilbudet som allerede eksisterer gjennom Bachelorprogrammet i politikk og forvaltning (BASV-GOV). Tanken er at lektorstudenter med samfunnskunnskap i fagkretsen, det vil her si statsvitenskap, er særlig attraktive som undervisere på det obligatoriske samfunnskunnskapsfaget politikk og menneskerettigheter i videregående skole, i tillegg til samfunnsfag i ungdomsskolen. Et statsvitenskapelig tilbud om fag 2 vil kunne være et viktig bidrag til et bredere fagmiljø innen lektorutdanning i samfunnsfag. Den siste læreplanreformens vektlegging demokrati og medborgerskap understreker behovet for et slik fagmiljø og for lektorutdanning i statsvitenskap. Instituttet har sterk kompetanse i samfunnsfagdidaktikk og utdanningsforskning generelt.

Fra høsten 2024 innfører instituttet et opplegg med 10-poengsemner på 100-nivå. I utarbeidingen av det nye BA-løpet, har vi tatt høyde for nødvendige tilpasninger til innføringen av et fag 2-tilbud.

Første semester på fag 2 begynner med at studentene tar GOV100, 20 sp. Videre er tanken at studentene tar GOV112 Organisasjonsteori, GOV113 Norsk politikk og MET103. Dette vil gi solid innsikt i norsk politikk, demokrati og medborgerskap. Det vil også gi godt grunnlag for

samfunnsvitenskapelig metode og for kritisk tenkning, samt bærekraft, og for forholdet mellom individ og struktur, Dette er helt sentrale tema i skolens læreplaner for samfunnsfag/samfunnskunnskap/politikk og menneskerettigheter. Forslaget vil videre gi forståelse av skolen som organisasjon, som også er en viktig del av lektorutdanningen. Studieløpet for fag 2 forutsetter også at studentene tar GOV251 Bacheloroppgave i politikk og forvaltning, og at de tar emnet i samfunnskunnskapsdidaktikk som instituttet alt har opprettet for studentene som tar sosiologi som fag 2.

For samtlige kurs lektorstudentene tar ved instituttet, legges det opp til separate seminarordninger og gjennomføring av arbeidskrav for denne studentgruppen – siden den skiller seg fra de andre studentene med tilknytning til BA-programmet. Undervisningen vil legges i blokker som muliggjør koordinering med praksisperioder for lektorstudentene.

Studiets oppbygging:

Program/ studieretning				
Semester	Emne (tal på studiepoeng)			Praksis (tal på dager)
5. studieår				
10. semester	Masteroppgåve fag 1 (30)			
9. semester	Masteroppgåve fag 1 (30)			
4. studieår				
8. semester	Fag 1 (10)	Didaktikk fag 1 (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester	Fag 1 (30)			
3. studieår				
6. semester (utani.)	Fag 1 (20)		GOV 251 (10)	
5. semester	Fag 1 (10)	SAKDI102B (10)	Pedagogikk (10)	35
2. studieår				
4. semester	GOV101 (10)	GOV103 (10)	MET103 (10)	
3. semester	GOV100 (20)		Fagdidaktikk fag 1(10)	10
1. studieår				
2. semester (V)	Fag 1. (30)			
1. semester (H)	Fag 1 (10)	Exphil (10)	Pedagogikk (10)	10

Lektorsenteret

Referanse

2024/10612-LISKR

Dato

22.08.2024

## **Sak til felles programstyre for lektorutdanningen: Politikk og forvaltning som fag 2 i lektorutdanningene**

Det samfunnsvitenskapelige fakultet viser til dialog med Det humanistiske fakultet, og ber om at felles programstyre for lektorutdanningen behandler sak om politikk og forvaltning som fag to i lektorutdanningen for studentene som begynner på ny og revidert studieplan høsten 2024.

Bakgrunnen for fakultetets ønske om å tilby politikk og forvaltning som fag nr. 2 samt studiets oppbygging er nærmere beskrevet i vedlegg 1. Vi ber om at dette inkluderes i saken. Vedlagt ligger også emneplaner for emnene som skal inngå i tilbudet. Under følger noen utfyllende opplysninger og refleksjoner knyttet til tilbudet.

### **Fagets innhold og praksis**

